

REFERAT FRÅ MØTE I FFU

TYSDAG 18.02.2014 KL. 13.15 – 15.00

Til stades: Tor Trolie (leiar), Helge Sandøy, Daniel Apollon (for Jill Walker Rettberg), Erik Bjerck Hagen, Kjersti Aarstein, Ingrid Mathiesen (for Marte Nordanger) og Victoria Rosén.

Skrivar: Anne Berit Apold

Saker:

- I. Godkjenning av innkalling – Innkallinga vart godkjent.
Det vart kommentert at sakspapira vart sendt ut for seint (1 dag før), men at det var greitt å gjennomføra møtet sidan saklista var relativt kort og grei.
- II. Godkjenning av referat frå møtet 18.10.2013. – Referatet vart godkjent.
- III. Orienteringssaker
 - I november vart det lyst ut to stipendiatstillingar ved LLE med søknadsfrist 31. januar 2014. Det har kome inn 38 søknadar som er til vurdering i fagmiljøa. Ni av søknadane er innanfor dei prioriterte områda onomastikk (4), nordisk fagdidaktikk (4) og «ekstreme ytringar på nett» (1).
 - Sidan førre møte i FFU har me fått to nye stipendiatar ved LLE. Dette er Florian Schreck (mellomalderfilologi) som tok til i november 2013 og Line Hjorth (humanistiske rettsstudier) som var ny i 2014. Totalt i 2013 fekk LLE 12 nye ph.d.-kandidatar (inkl 2 eksterne) og det var fem disputasar ved instituttet. LLE har til saman 55 personar i ph.d.-programmet (38 innanfor ordinær tid, 12 over tida og 5 som har levert avhandlinga).
 - Det er sett i gang eit arbeid med å få på plass rettleiingsavtale og plan for pliktarbeid for dei ph.d.-kandidatane som var nye i 2012. Det er eit mål at det skal føreliggja signerte rettleiingsavtalar for alle kandidatane som er innanfor ordinær ph.d.-periode før utgangen av vårsemesteret.
 - Leiarane av forskargruppene vert oppmoda om å spreia informasjon om pågåande kurs og seminar til aktuelle stipendiatar.

SAK 1 Orientering om arbeidsplan/plan for pliktarbeid for stipendiatar som var nye i 2013

FFU ved LLE vedtok på møtet 18. oktober 2013 ein ny rutine for oppfølging av stipendiatane sin arbeidsperiode/pliktarbeid. Ifølgje rutinen skal godkjende planar for pliktarbeid leggjast fram i FFU for orientering. Den nye rutinen er følgd opp for stipendiatane som tok til ved LLE i 2013 og det vart lagt fram plan for pliktarbeid for 6 av dei 8 nye stipendiatane som har pliktarbeid ved instituttet (planane vart sendt ut som vedlegg til innkallinga). Planar for pliktarbeid vil i framtida verta lagt fram for FFU etter kvart som dei er godkjende.

Etter ønske frå FFU vil stipendiatane verta informert om korleis dei skal gå fram dersom det er aktuelt å endre planen for pliktarbeid. Ph.d.-koordinator følg opp dette.

SAK 2 Orientering om endeleg godkjenning av opplæringsdelen for ph.d.-kandidatar

Etter regelverket skal ph.d.-kandidatane sin opplæringsdel vera godkjent 6 månadar før innlevering av avhandlinga. Instituttet følg opp dette, og ph.d.-koordinator har tatt kontakt med dei kandidatane som har rapportert i førre framdriftsrapport at dei planlegg innlevering i 2014. Sidan august 2013 har 11 kandidatar fått godkjent opplæringsdelen.

SAK 3 Forskarutdanningsmelding 2013

FFU drøfta utkast til LLE si forskarutdanningsmelding for 2013. Årsrapport for Nasjonal forskerskole i språkvitenskap og filologi vart lagt fram i møtet (sjå vedlegg). Det var ingen kommentarar til denne.

Det var semje om følgjande merknadar til forskarutdanningsmeldinga:

- Punkt 3 – Gjennomstøpping. Avsnittet gjeld gjennomstrøpping i 2013. Nasjonal forskerskole i språkvitenskap og filologi starta 1. januar 2013.
- Punkt 4 – Underkjenning. Det har vore to underkjenningar i 2013. Melde at det er behov for kriterium/retningsliner for avhandlingar som eit tiltak for å førebyggje underkjenningar.
- Punkt 5 – Rettleiaropplæring. Melde at det kan vera nyttig med frivillige seminar der rettleiarar har høve til å drøfte problemstillingar knytt til det å vera rettleiar.
- Punkt 6 – Kvalitetssikring. Tone ned kritikken noko og melde at det er behov for eit meir fakultetstilpassa kurs mellom anna ved revisjon av pensum.

Vedtak:

FFU stiller seg bak forslaget til forskarutdanningsmelding for 2013 med dei merknadane som er kome fram i møtet.

SAK 4 Godkjenning av DASP307 som emne i opplæringsdelen i forskarutdanningsprogrammet

Det var i utgangspunktet ei positiv innstilling til framlegget om å godkjenne at DASP307 kan inngå i opplæringsdelen i forskarutdanningsprogrammet.

Vedtak:

FFU godkjenner at emnet DASP307 kan inngå som del i opplæringsdelen for ph.d.-kandidatar ved LLE

SAK 5. Ymse

- **Rutinar vedr honorar til ekstern rettleiar for ph.d.-kandidatar**

Mangel på rutinar vedr honorar til ekstern rettleiar har ført til nokre avtalar om rettleiing ikkje er signerte enno. Det er håp om ei snarleg løysing på dette.

- **Synleggjering av opplæring for ph.d.-kandidatar**

Forskargruppa Historie, retorikk og resepsjon har opplæringsansvar for litteraturstipendiatar og held e seminar som er opne for interesserte.

Ved Digital kultur vert det gitt opplæring i form av sommarkurs. Sommarkursa er eit fellesprosjekt der mellom anna Dresden, Linz og Rzeszow er med i samarbeidet.

20.02.2014
Anne Berit Apold
skrivar